



Saksframlegg

Høyringsfråsegn til NVE - konsesjonspliktige endringar for Fyresdal Solkraftverk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		21.05.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Utkast til høyringsfråsegn konsesjonspliktige endringar - Fyresdal Solkraftverk
- 2 Høyringsbrev frå NVE - konsesjonspliktige endringar Fyresdal solkraftverk
- 3 Søknad frå Solgrid AS om konsesjonspliktige endringar - Fyresdal solkraftverk
- 4 Innvilga konsesjon Fyresdal solkraftverk
- 5 Begrunnelse for innvilga konsesjon
- 6 Kart konsesjon Fyresdal solkraftverk
- 7 Samla saksprotokoll - Høyringsfråsegn til NVE - kommunestyresak 84/24 av 28.11.2024
- 8 Høyringsuttale frå Fyresdal kommune vedkomande Fyresdal Solkraftverk - NVE

Bakgrunn for saka:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav 27.05.2025 Solgrid AS konsesjon for å bygge, eige og drive Fyresdal Solkraftverk ved Fyresdal Flyplass. Konsesjon vart gitt til tross for at Fyresdal kommune i all dialog med NVE, også i høringa, var negative til etableringa, og at NVE forsikra kommunen om at ei negativ uttale frå kommunen ville stoppe etableringa av solkraftverket.

Solgrid AS har no sendt søknad til NVE om tre konsesjonspliktige endringar for det planlagde Fyresdal solkraftverk:

- Forlenging av konsesjonsperioden frå 30 til 40 år
- Endring av effektavgrensing frå 14,8 MWp til MVA
- At konsesjonsperioden skal reknast frå idriftsetjing, ikkje frå vedtaksdato

Fyresdal kommunestyre handsama den opphavlege konsesjonssøknaden i sak 84/24 (28.11.2024), og vedtok då å sende høyringsuttale til NVE.

Kommunen si høyringsuttale til NVE var tydeleg negativ, særleg grunna behovet for arealet til framtidig næringsutvikling, konflikt med flyplassaktivitet, friluftsliv, bu- og blilyst og ikkje minst manglande samfunnsøkonomisk gevinst. Endringssøknaden frå Solgrid endrar ikkje desse forholda – og i fleire tilfelle forsterkar dei utfordringane kommunen peika på i 2024.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for areal, klima og miljø i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte - miljø og klima har fokus i planarbeidet, samt at Fyresdal kommune skal legge til rette for bruk av alternative energikjelder og energisparande tiltak - nytte og legge til rette for fornybar energi som til dømes sol og vind der det er mogleg.

Då høyringa kring etablering av Fyresdal Solkraftverk var til handsaming i Kommunestyret (sak 84/24) vart det vedteke å sende uttale til NVE. Konklusjonen i høyringsuttala var som fyljer;

Fyresdal kommune bed NVE avslå Solgrid AS sin søknad om konsesjon for Fyresdal Solcellepark på den planlagde lokasjonen. Dette gjer mi med bakgrunn i fyljande:

- *Bruk av areal rundt Molandsmoen Industriområde bør planleggast slik at ein optimaliserer ringverknadane rundt etablering av berekraftig ny industri.*
- *Fyresdal Solcellepark slik den er planlagt har ei uheldig plassering sett i høve bu-attraktivitet/-kvalitet knytt til nærområdet.*
- *Slik solcelleparken er planlagt vil den med sin storleik og arkitektur opplevast som eit framandelement samanlikna med øvrig industri- og forretningsbygg i området, den vil vere synleg frå Hamaren, Tretoppvegen og områda i sør, og verdien av Fyresdal som attraktivt reisemål kan/vil få redusera verdi.*
- *Utbygging vil kunne legge restriksjonar på bruken av Fyresdal Flyplass og kringliggjande område som aktivitetsarena for luftsport, motorsport og ridemiljø.*
- *Utnytting av arealet til alternativ næringsverksemd vil gje betre ringverknadar i lokalsamfunnet.*

Planområdet til Fyresdal Solkraftverk er på om lag 272 daa, og ligg i direkte tilknytning til Molandsmoen industriområde. EdgeConneX er i ferd med å byggje eit av Nordens største datasentre på Molandsmoen, ei industrisatsing med eventyrlege ringverknadar for andre næringsetableringar på Molandsmoen og Fyresdal. Gjennom Myldr Energipark jobbast det kontinuerleg med verksemdar som kan dra nytte av restvarme frå datasenteret, der overskotsvarme kan nyttast til industri, landbruk og ulike prosjektet innan sirkulærøkonomi.

I kommunes vurdering attende i 2024 vart dette presist formulert:

«Solselleparken legg beslag på 272 daa rett aust for flyplassen, i nær tilknytning til Molandsmoen Industriområde, og eit eventuelt datasenter. (...) Ved etablering av solcelleparken vil ein miste store, veleigna areal til alternativ næring.»

Dette er framleis gjeldande, og gjennom etableringa til EdgeConneX er dette ytterlegare forsterka – og endringssøknaden frå Solgrid gjer arealbindinga endå meir langvarig og mindre reversibel.

Kommunestyret sitt vedtak frå 2024 står fast og er styrande for kommunen si vurdering: Fyresdal kommune ynskjer ikkje solkraftverk på denne konkrete lokaliseringa.

Vurdering av dei tre endringspunkta

1) Forlenging av konsesjonsperioden frå 30 til 40 år

Solgrid AS søker om forlenga varigheit på konsesjon frå 30 til 40 år. Dette argumenterast med at teknisk levetid for eit solkraftverk i dag er ca 40 år, og at det er forventa ei endring av dagens regelverk for å tilpasse konsesjon til levetida på anlegget. Dette vil gjere utnyttinga av anlegget betre, i staden for å flyte anlegget til ein ny stad for dei seiste 10 åra. Dette vil igjen gje betre økonomi både for grunneigar og konsesjonær, og gje eit betre CO2 rekneskap.

Likevel; ei forlenging av konsesjonsperiode frå 30 til 40 år inneber:

- 10 ekstra år med arealbinding
- 10 ekstra år utan moglegheit for alternativ næringsutvikling
- 10 ekstra år med konflikt med flyplassaktivitet, friluftsliv og bu- og bilyst

I 2024 vurderte kommunen at prosjektet ikkje var foreinleg med berekraftig arealbruk. Ei forlenging av konsesjonsperioden forsterkar dette:

«Fyresdal kommune vil i framtida ha behov for areal til ny, berekraftig næringsverksemd, med fokus på bruk av restvarme frå det planlagde datasenteret.»

Å binde opp eit sentrumsnært og strategisk viktig areal i 40 år er ikkje i tråd med kommunen sine planar eller interesser. Kommunen tilrår at endringa vert avslått.

2) Endring av effektavgrensing frå MWp til MVA

Solgrid ynskjer å knyte effektavgrensinga til MVA (nettkapasitet) i staden for 14,8 MWp (panelkapasitet). Dette vil gje Solgrid større fleksibilitet til å endre utforming og panelmengde, kunne opne for høgare faktisk installert kapasitet, gjere det vanskelegare for kommunen å vurdere framtidig arealbruk og visuell påverknad, og potensielt føre til større tekniske inngrep enn det som låg til grunn i opphavleg søknad.

NVE har i konsesjonsvedtaket understreka at endringar som gir nye verknader må utgreiast.

Kommunen vurderer at ei slik endring aukar usikkerheita om anlegget sitt omfang, kan forsterke negative verknader for naboar, friluftsliv og flyplassaktivitet, og at dette ikkje reduserer nokon av dei ulempene kommunen peika på i 2024. Då kommunen allereie har sagt nei til prosjektet i sin heilskap, er det ikkje grunnlag for å støtte ei endring som gjer prosjektet meir fleksibelt og potensielt større. Kommunen tilrår at endringa vert avslått.

3) Konsesjonsperioden skal reknast frå dato når anlegget setjast i drift

Solgrid ynskjer at konsesjonsperioden skal starte frå den dato anlegget setjast i drift, ikkje ved vedtaksdato for konsesjon. Dette vil i praksis forlenge arealbindinga ytterlegare (byggjetid + 40 år), skape endå større avstand mellom konsesjonsvedtak og faktisk tilbakeføring av arealet, og det vil svekke kommunen si styring med framtidig arealbruk i eit sentrumsnært område.

I 2024 peika kommunen på at solkraftverket ikkje gir arbeidsplassar, ikkje gir inntekter og ikkje er i tråd med kommunen sine arealstrategiar. Å flytte startpunktet for konsesjonsperioden vil forsterke desse ulempene.

Kommunen tilrår at endringa vert avslått.

Konklusjon:

Endringssøknaden frå Solgrid AS endrar ikkje dei grunnleggjande forholda som gjorde at Fyresdal kommune i 2024 sa nei til solkraftverket. Tvert imot:

Ei forlenging av konsesjonsperiode, endring av effektavgrensing og flytting av starttidspunkt vil alle bidra til lengre binding av areal, større usikkerheit om anlegget sitt omfang, og mindre handlingsrom for kommunen.

Fyresdal kommune står fast ved kommunestyrevedtaket frå 28.11.2024:
Det skal ikkje etablerast solkraftverk på denne lokaliseringa.

Innstilling frå kommunedirektøren:

- Fyresdal kommune opprettheld kommunestyrevedtaket i sak 84/24 om at det ikkje skal etablerast solkraftverk på Molandsmoen.
- Fyresdal kommune tilrår at alle tre omsøkte endringar vert avslått.
- Planområdet er strategisk viktig for framtidig næringsutvikling knytt til datasenter og varmebasert industri, og kan ikkje bindast opp i 40 år eller meir.

Fyresdal kommune sender vedlagt utkast til høyringsuttale til NVE slik den ligg føre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef